



GUNNAR AASE AS
Alvervegen 21
5911 Alversund

Saksbehandler:
Hallvard Hageberg

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Gunnar Aase AS - kontrollnummer 2019.073.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Frode Sigbjørn Aakvaag, Brynjulf Alver

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Hallvard Hageberg, Toril Marie Mulen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar resultatet frå inspeksjon ved Gunnar Aase AS den 03.06.2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får melding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Fylkesmannen i Vestland fant to avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontrollen er mangelfull
- Kjemikalier er lagra utan merking og lite oppsamlingsbasseng

Avvika er omtala frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølging etter inspeksjonen er gjort greie for på side 2.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til: Lindås kommune

1. Informasjon om kontrollert verksemd

Ansvarlig enhet

Navn: GUNNAR AASE AS	
Organisasjonsnr.: 974141175	Eies av: 990743460
Bransjenr. (NACE-kode): 32.120 - Produksjon av gull- og sølvvarer og lignende artikler	

Kontrollert enhet

Navn: Gunnar Aase AS	Anleggsnr.: 1263.0010.01
Kommune: Lindås	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling	
Tillatelse gitt:	Sist endret:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vann
- Avfall
- Kjemikalier

Rapporten omhandlar avvik og merknader som ble avdekka under inspeksjonen, og er inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeid eller miljøstatus i verksemda.

Definisjoner

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller i medhald av lov.

Anmerkning: Noko som tilsynsetatane meiner må påpeikast for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som framkom under inspeksjonen, og som det kan vera nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Her kan også inngå kommentarar til tema som blei tekne opp under inspeksjonen, men der det ikkje vart gitt avvik eller merknader.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Gunnar Aase AS må snarast rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Gunnar Aase AS innan

1. oktober 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde. Inkluder relevant skriftleg dokumentasjon, og gjerne også bilete, i tilbakemeldinga.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Fylkesmannen varslar med dette at vi vil vedta tvangsmulkt (jf. *forureiningslova § 73*), dersom vi ikkje har mottatt ei skriftleg stadfesting av at avvika er retta innan 1. oktober 2019. Tvangsmulkta må betalast dersom vi ikkje har fått stadfesta at avvik er retta innan 3 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart gjort.

Eventuell tvangsmulkt vil vera et eingongsbeløp på kr 5 000,-.

De kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen i Vestland innan to veker etter at de har fått denne rapporten.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel og informasjon om gebyrplikt i e-post datert den 24. mai 2019. Verksemder skal betale gebyr for kontroll utført av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk vil Gunnar Aase AS bli ilagt et gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarar til gebyrsats 3 for tilsyn som varer i inntil ein dag. Verksemda vil få tilsendt faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassen. Vi viser ellers til kapittel 39 i forureiningsforskrifta for meir informasjon om innkreving av gebyr til statskassen.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vera skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil endra vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Ei eventuell klage vil ikkje få oppsettande verknad, og det gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tar klagen til følge, vil overskytande beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vera tilgjengeleg for alle via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland, jf. offentleglova.

7. Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen er mangelfull

Avvik frå

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd nr. 6., 7. og 8.

Kommentar

Verksemder skal «.. kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene». Den skal også setja i

verk rutiner for å avdekka, retta opp og forebygga brot på krav i lovverket, og gå gjennom internkontrollen systematisk for å sikra at den fungerer som den skal.

Avviket er basert på følgjande

Verksemda held til i eige bygg der det for det meste er golv av betong. Fleire stader var det lagt inn rister i golvet. Det var ikkje vurdert om dette var god nok sikring mot at søl, lekkasjar eller liknande kunne føra til forureining eller fare for forureining, og om det skulle ha vore sett i verk risikoreduserande tiltak.

Det kom også fram under tilsynet at avviksmeldingar vart lite brukt, bortsett frå ved produksjonsavvik.

Avvik 2

Kjemikalier er lagra utan merking og lite oppsamlingsbasseng

Avvik frå

Forureiningsforskrifta § 28-5

Kommentar

Etter § 28-5 i forureiningsforskrifta skal verksemda sjå til at «Kjemikalier, prosessbad, farleg avfall m.m. skal sikre slik at uhell ikke kan medføre avrenning til grunnen, overflatevann eller avløpsnett. Disse skal også være merket med hovedinnhold og helsefaresymbol.

For prosessbad, flytende kjemikalier og flytende farlig avfall skal bedriften ha oppsamlingsbasseng med stort nok volum til å romme tankenes/beholdernes volum dersom lekkasjer skulle oppstå. Oppsamlingsbasseng skal minst kunne ta opp det største badvolum i bedriften. Utløpsledning fra oppsamlingsbasseng skal være stengt med tanke på tilbakepumping av badvæsken til prosessbadet».

Avviket er basert på følgjande

Verksemda hadde ein 1000-liters konteinar med syre. Denne hadde eit oppsamlingsvolum på 300 liter etter det som vart opplyst. Konteinaren var plassert like ved ei rist i betonggolvet, og den var ikkje merka med innhald eller helsefaresymbol.

8. Merknader

Det vart ikkje gjeve merknader under inspeksjonen.

9. Andre tilhøve

Verksemda deklarerer sitt farlege avfall på www.avfallsdeklarering.no.

Verksemda dampar av nokre bad og leverer restane til gjenvinning. Dette vurderer vi til å vera unntekte kravet om eige løyve for å behandla eige farleg avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-7, fordi dette blir gjort for å gjenvinna metall frå bad-restane.

10.Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningsloven) med underliggende forskrifter
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskriften)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova)